

Synste Møre

TORSDAG 2 NOVEMBER 2017

LAUSSAL 25 KR

NR 40 ÅRGANG 48



Viktig avklaring for Rovdefjordsambandet

Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal la sist veke malen for korleis omgrepet «sjølvfinansierande» skal tolkast når det gjeld bruer og tunnelar. I bruselskapet er ein godt nøgd med resultatet, og reknar det som så godt som sikkert at Fylkestinget vil sluttes seg til dette på møtet i desember.

– Det var i det heile ein god dag for Rovdefjordsambandet, seier Magne Løvoll.

SIDE 5



Oljeborn kan vere så mangt

Operasjon Dagsverk-innsamlinga i vidaregåande i morgon går i år til unge i Nigeria. Landet har til felles med Norge at begge er oljenasjonar, med ulikt resultat for innbyggjarane. I Nigeria slit folk med sjukdom og plager av forureining frå oljeverksemda. I visualiseringsleiken under internasjonal dag tysdag fekk elevane eit innblikk i korleis det

er å leve i dette landet.

Her kavar elevane med maisplukking på markar forureina av oljeverksemd for å tene pengar til mat, skulegong og anna. "Arbeids-gjevar" og elevrådsleiar Anna Regine Vada Blom i OD-skjorte måler resultatet.

SIDE 7



Gjetarhund-NM måtte flyttast

Det vart forviklingar under NM for gjetarhundar som skulle gå på Nordstranda i helga. Både ver og Mattilsyn viste seg frå vrangside. Men stemnet vart avvikla på ein god måte.

SIDE 14



Sunniva-song

Maria Helgesen gav saman med søsken, familie og vener dei fram møte på Eldrefesten på Eidsåun ei konsertoppleving som vil bli hugsa med glede.

SIDE 9

Kom og sjå vårt store utval i Alloc baderomspanel med flismønster! Fast lavpris!

FARGERIKE
Spesialforretninga i Sydve
Tlf.: 700 20 800

ALLOC

PERIODISK
KØYRETY-
KONTROLL



Autorisert verkstad Tlf 57 85 65 45

Lat oss teste
synet ditt!

Tinging av time: 70 07 70 19



OPTIKK VOLDA

Tlf. 70 07 70 19, Holmen 7, 6100 Volda